

## **Bonolo Ramphomane-Aandahl er vinnar av Pilt-Ola prisen 2024**

*Juryen si grunngjeving:*

Årets vinnar har som Pilt-Ola sjølv reist langt og kryssa grenser i fleire tydingar av ordet. Ho er oppvaksen i Johannesburg i Sør-Afrika. I 2010 kom ho som profesjonell volleyballtrenar til Suldal.

Medan stadig fleire flyttar frå bygde-Norge til urbane strok, har Bonolo Ramphomane-Aandahl vald å bli verande på Sand.

I dag er ho mellom anna dagleg leiar av Suldal Bad og driv serveringsstaden Drøs på Sand. Ho har og engasjert seg i politikken i kommunen.

Bonolo er ein samfunnsbyggjar. Ho er engasjert i integrering- og mangfaldsarbeid, ho arbeider for at innvandrarar i Suldal kjem i arbeid og ho har vore sentral i utviklinga av Suldal Pride. Ho pratar med alle, alle kjenner Bonolo fordi ho alltid inkluderer alle.

Bonolo er ein person med stor kapasitet, vilje og iderikdom. Ho tek initiativ til konkrete tiltak som gir gode møteplassar, som Drøs. Som dagleg leiar i Suldal Bad skaper ho aktivitet som gjer at besøkande strøymer til frå heile Rogaland. Ho stagnerer ikkje, men held fram med å utvikla konseptane sine. Til dømes har Drøs nyleg fått sin eigen Bed & Brønsj, dei har eige bakeri og dei brenner kaffibønner. Det er stadig planar om utviding og nye tiltak.

Som Pilt-Ola sjølv finn Bonolo nye løysingar og går stadig vidare – med erfaringar og med ei begeistring som smittar og som løfter eit heilt lokalsamfunn – til inspirasjon og glede for heile Ryfylke!

Bonolo Ramphomane-Aandahl er ein verdig vinnar av Pilt-Ola prisen for 2024!